

**Fra:** Kjell Inge Tufte Tyssen (kityssen@gmail.com)  
**Sendt:** 13.01.2016 10:31:44  
**Til:** Ruth Ørnholt  
**Kopi:**

**Emne:** Re: Informasjon - tilbud på utlånsystem for e-media i biblioteka i Hordaland  
**Vedlegg:** image001.png

Hei,

Takk for svar.

Ber om å få innsyn i alle dokument produsert i innkjøpsprosessen. Dei kan sendast til denne epostadressa.

Kjell Inge Tufte Tyssen

2016-01-13 9:59 GMT+01:00 Ruth Ørnholt <[Ruth.Ornholt@hfk.no](mailto:Ruth.Ornholt@hfk.no)>:

Hei,

Eg viser til e-post under sendt til postmottak hjå Hordaland fylkesbibliotek 12.01.2016, der du ber om å få sjå konkurransedokumenta som ligg til grunn for avgjersla med bytte av utlånsystem for e-media i biblioteka i Hordaland. Konkurransedokumenta som blei publisert i leverandørportalen i utlysingsperioden, ligg vedlagt denne e-posten.

I ei av meldingane dine på facebook, skriv du at det er lite framtidsretta å gå frå eit system som var tilgjengeleg på mange plattformer, til eit system som er tilgjengeleg på to plattformer, og du ber om ei grunngeving av valet.

Med bakgrunn i lov og forskrift om offentlege anskaffingar har fylkesbiblioteket i haust lyst ut ein anbodskonkurranse om utlånsystem for e-media. Kravspesifikasjonen inneheldt 57 krav, der 48 gjekk direkte på den tekniske løysinga. Etter ein grundig evalueringsprosess, vann eBokBib konkurransen. Moglegheita for å kunne lese e-bøkene på lesebrett, vog ikkje tungt nok til å vippe avgjerda i favør av noverande leverandør.

Når det gjelder prosessen, så ligg det nokre grunnleggjande prinsipp i regelverket om offentlege anskaffingar. Offentlege anskaffingar skal vere basert på mellom anna forretningsmessigheit, likebehandling og konkurranse. Dette medfører at det offentlege ikkje skal stille strengare krav enn det som er naudsynt for å oppnå formåla med kontrakten, ettersom ein då vil kunne ekskludere leverandørar. I Kofa-sak 2007/74 blir det uttalt at *«foretar oppdragsgiver handlinger som vil svekke konkurransen uten saklig grunn eller hjemmel i regelverket, vil dette kunne være i strid med regelverket selv om det ikke foreligger brudd på konkrete bestemmelser»*. I vår konkurranse er det berre to leverandørar på den norske marknaden, og dersom vi hadde stilt som absolutt krav at det måtte være mogleg å lese e-bøker på til dømes lesebrett, så hadde vi ekskludert den eine leverandøren. Dette ville ikkje ha vore i tråd med prinsippa i regelverket.

Dei innsendte tilboda er evaluert og vurdert på bakgrunn av dei oppgitte tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget, som inneber at kontrakten skal tildelast den som har gitt det økonomisk mest fordelaktige tilbodet basert på tildelingskriteria «Brukervennlighet og funksjonalitet» (50 %), «Pris» (30 %) og «Service og oppfølging» (20 %). Etter ei samla vurdering var tilbodet frå Bibliotek-Systemer AS det økonomisk mest fordelaktige tilbodet. Dei hadde den lågaste prisen, og scora så vidt høgast på tildelingskriteriet «Brukervennlighet og funksjonalitet», marginalt betre enn dagens leverandør. Dagens leverandør scora høgast på «Service og oppfølging» - også dette nokså marginalt. Her kan det peikast på at valt leverandør har fått trekk for å ha svart «Nei» på spørsmål 15 om at systemet bør kunne nyttas på PC eller MAC, men at dette ikkje blei avgjerande. Det er også på spørsmål 15 at lese Brett er blitt vurdert, då leverandørane er bedt om å gje ei skildring av kva einingar og operativsystem som blir støtta. Dagens leverandør, som altså har fått utteljing for at systemet er tilgjengelig på mange plattformer, har også svart «Nei» eller «Delvis» på fleire spørsmål, og er trukket for dette. Etter ei heilskapleg vurdering, blei altså ikkje høve for å kunne lese e-bøker på lese Brett tungtvegande nok, sjølv om dagens leverandør sjølv sagt blei premiert for dette.

Informasjon om bruk av lese Brett kan du finne i rapporten frå Perceptor, som er vedlagt. Det er ei marknadskartlegging om e-bøker, utført på eit landsrepresentativt utval på 1500 personar. På side 7 ser ein ei oversikt over kva data-/mobilt utstyr folk har tilgang til. Her ligg t.d. nettbrett på ei tilgjenge på 54% og 58%, medan lese Brett har ein tilgjenge på 7% og 8 %. I talet for lese Brett er det også inkludert Kindle – eit lese Brett som det uavhengig av leverandør, ikkje er råd å bruke for å låne e-bøker i bibliotek. Det er verd å merke seg at tilgangen til lese Brett er låg.

Venleg helsing

**Ruth Ørnholt**  
Fylkesbiblioteksjef  
Kultur- og idrettsavdelinga|fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 70 | Mob: 959 13 398  
[www.hordaland.no/fylkesbiblioteket](http://www.hordaland.no/fylkesbiblioteket) |

**Fra:** Kjell Inge Tufte Tyssen [<mailto:kityssen@gmail.com>]  
**Sendt:** 11. januar 2016 15:07  
**Til:** Fylkesbiblioteket - Postmottak  
**Emne:** Informasjon

Hei,

Viser til tråd på Facebook. Der ser de kva eg vil ha.

[https://www.facebook.com/hordaland.fylkesbibliotek/posts/464147423794591?comment\\_id=464201693789164&reply\\_comment\\_id=465460216996645&notif\\_t=share\\_reply](https://www.facebook.com/hordaland.fylkesbibliotek/posts/464147423794591?comment_id=464201693789164&reply_comment_id=465460216996645&notif_t=share_reply)

Med venleg helsing

Kjell Inge Tufte Tyssen